



Sunnfjord
kommune




Slåttebakkane barnehage

Barnehageportrett



Historiske barnetal frå 2008 – 2023



Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	14	16	12
Barn over tre år	15	15	18
Godkjent leike- og opphaldsareal kvm	224	224	224
Arealutnytting kvm	151,5	163,5	147
Kapasitet arealplassar	49,8	49,8	49,8
Arealplassar i bruk	33,7	36,4	34
Ledige arealplassar	16,1	13,4	15,8

Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrrar	1,0	1,0
Assisterande styrrar	0,0	0,0
Pedagogisk leiar	3,0	3,0
Barnehagelærar	1,0	2,0
Fagarbeidar	4,0	2,5
Assistent	1,0	0,4
Lærling	2,0	1,0
Snittalder		44,6

Grunnbemanning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	4,4	5,6	5,6	4,4

Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	7,8	8,8	9,0	9,1

Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	5 346 303	4 747 475	6 027 530	7 743 209
Budsjett	5 154 527	4 574 886	4 892 822	7 178 580
Kostnad per heiltidsplass	243 014	203 754	207 846	198 544

Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Flatene skule og Halbrend skule
Tilknytning til andre tenestetilbod	Dei har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum.
Bustad og næring	Slåttebakkane barnehage er ein sentrumsbarnehage, og det er utvikling både innanfor bustad og næringslivet i Førde.

Bygningsmasse

Byggeår	1989, totalrenovering i 2016.
Areal	518 kvm
Godkjent leike- og opphaldsareal	224 kvm
Uteareal	1 883,8 kvm

Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	3 km
Avstand til Halbrend barnehage	1,3 km
Avstand til Ytre Hafstad barnehage	2,8 km

Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen er god på å møte barna sine ulike behov, og legge til rette for at alle barna får god oppfølging tilpassa alder.
- Barnehagen har erfaring med å legge til rette for barn med særskilde behov
- Barnehagen har fokus på språk og språkstimulerande tiltak, til dømes teikn til tale. Dette er integrert i heile personalgruppa
- Personalgruppa har fokus på sosial kompetanse og det å vere inkluderande
- Gode til å prioritere det som er viktigst for barna, og å gjennomføre dette i kvardagen

Forbetringsområder

- Lite tid til å dele kunnskap i etterkant av kurs der berre nokre i personalgruppa har delteke
- Kunne hatt større fagleg fokus på fysisk aktivitet og helse
- Kunne jobba meir strukturert med "grip omgrepa", gjerne opp mot kosthald, naturen, dyr o.l

- Lite ideell aldersinndeling på ei avdeling inneverande barnehageår. Dette grunna stor skilnad i alder på barna, og at det på bakgrunn av dette vart sprik i barna sine behov

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen tilpassar seg frå år til år alt etter kva barnegruppe og kapasitet ein har
- Det fungerer godt med inndeling etter avdeling/aldersinndeling

Forbetringsområder

- Behov for fleire rom for å kunne dele barnegruppene i mindre grupper
- Behov for betre lyddemping i alle rom
- Dårlig luftkvalitet
- Oppgradere varmpumpene slik at dei også kan fungere som aircondition
- Det er behov for vedlikehald av bygg og uteområde

Barnehagen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen er viktig for tilflytting til området. Det gir eit meir attraktivt bustadområde
- Barnehagen er viktig for det sosiale miljøet i nærområde. Fungerer som eit naturleg møtepunkt
- Barnehagen ligg i gangavstand til majoriteten av brukarane, og ein slepp å bruke bil og/eller køyre gjennom bomring for å levere barn
- Eit rikt naturområde i nærleiken, med ulendt og variert terreng
- Det går jamleg ringbuss. Dette gir moglegheit til å kunne delta på tilbod i sentrum, til dømes bibliotek og symjing

Forbetringsområder

- Barnehagen er avhengig av offentleg transport for å kunne nytte seg av ulike tilbod, som til dømes bibliotek og bading

Andre innspel

- Barnehagen si plassering i eit byggefelt liggande nær E39 utan tilrettelagt sykkelveg, er viktig med tanke på å kunne bruke miljøvenlege framkomstmiddel utan å måtte ta små barn med inn på E39 på sykkel, og i lange, bratte og farlege nedoverbakkar

Prosjektgruppa si oppsummering

No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage¹ for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma,

¹ [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Slåttebakkane barnehage følger både bemanningsnorma og pedagognorma. Det er noko overtalligheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei oppgradert i 2016. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn manglar barnehagen nokre gode fasilitetar for tilsette, mellom anna optimale kontorplassar for tilsette og garderobe. Arealet knytt til barn har heller ikkje optimale fasilitetar, mellom anna allrom. Dei har mogelegheit til å opne ein skiljevegg mellom to avdelingar for å få eit større rom. Bygget er ikkje universelt utforma, det er trapp mellom etasjane og bygget ligg i terrenget slik at det er bakke frå plan 0 til plan 1. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det igjen føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkarar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, og søker plass i barnehagen.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).